



Austevoll kommune

TILLEGGSINNKALLING

Utval: KOMMUNESTYRET
Møtestad: KOMMUNESTYRESALEN
Møtedato: 23.03.2010 Kl. 16.00

Eventuelt forfall skal meldast til tlf. 55 08 10 00 Offentleg servicekontor.
Varamedlemar møter berre etter nærare innkalling frå administrasjonen.
Møte er ope for tilhøyrarar.
Saksdokument er lagde ut til offentleg gjennomsyn på Offentleg servicekontor.

SAKSLISTE

| Sak nr. | Saktittel |
|----------------|--|
| 038/10 | REKNESKAPSRAPPORT FEBRUAR 2010 |
| 039/10 | LIKVIDITETSRESERVE OVERFØRT TIL DISPOSISJONSFOND |

Storebø, 19.mars 2010

Helge Andre Njåstad
Ordførar

SAKSFRAMLEGG

| Saksnr | Utval | Møtedato | Sakshandsamar |
|--------|---------------|------------|-------------------|
| 038/10 | KOMMUNESTYRET | 23.03.2010 | Liv Bente Storebø |

| | |
|--------------------|---------------|
| Arkivsaknr. 10/376 | Arkiv: FE-200 |
|--------------------|---------------|

REKNESKAPSRAPPORT FEBRUAR 2010

Rådmannen si tilråding:

Austevoll formannskap tek rekneskapsrapport etter februar 2010 til orientering

Bakgrunn for saka:

Etter kommunen sitt økonomi- og finansreglement skal det rapporterast kvar månad om utviklinga i utgifter og inntekter.

I samanlikningsgrunnlaget vert det teke utgangspunkt i eit periodisert budsjett for 2010 med dei endringane som så langt er vedtekne og registrerte. Det er valt å nytta nettobudsjett for å gje eit bilete av utviklinga på kvart ansvarsområde. Når det gjeld forbruk i % er det teke utgangspunkt i totalbudsjett for året. Budsjettet er så langt det let seg gjere periodisert ihht når inntektene og kostnadene kjem inn i rekneskapet. På område med sjølvkost har dermed med forbruk av årsbudsjett inga meining. Sjølvkostfonda blir ført i slutten av året.

Rådmannen viser elles til dei månadlege meldingane om skatteinngang.

| Økonomiske oversikter | Regnskap pr. februar 2010 | Periode budsjett | Avvik i kr. | Årsbudsjett | Regnskap i samme periode 2009 | Forbruk i % |
|-------------------------------------|---------------------------|------------------|-------------|-------------|-------------------------------|-------------|
| Driftsinntekter | | | | | | |
| Brukerbetalinger | 1 218 929 | 1 375 645 | -156 716 | 8 253 868 | 801 035 | 14,8 % |
| Andre salgs- og leieinntekter | 2 170 860 | 1 872 788 | 298 071 | 16 382 830 | 1 673 591 | 13,3 % |
| Overføringer med krav til motytelse | 3 287 638 | 4 511 947 | -1 224 309 | 27 951 680 | 1 685 907 | 11,8 % |
| Rammetilskudd | 14 638 568 | 12 201 000 | 2 437 568 | 73 206 000 | 13 437 290 | 20,0 % |
| Andre statlige overføringer | 4 939 896 | 3 552 267 | 1 387 629 | 23 813 600 | 151 500 | 20,7 % |
| Andre overføringer | 0 | 74 767 | -74 767 | 2 448 600 | 0 | 0,0 % |
| Skatt på inntekt og formue | 20 942 678 | 22 920 127 | -1 977 450 | 126 421 000 | 21 371 252 | 16,6 % |

| | | | | | | |
|--|-------------------|-------------------|-------------------|--------------------|--------------------|--------|
| Eiendomsskatt | 6 070 298 | 6 098 300 | -28 002 | 12 196 600 | -3 115 | 49,8 % |
| Sum driftsinntekter | 53 268 866 | 52 606 841 | 662 026 | 290 674 178 | 39 117 461 | 18,3 % |
| Driftsutgifter | | | | | | |
| Lønnsutgifter | 24 923 533 | 25 099 974 | -176 441 | 143 376 888 | 23 764 492 | 17,4 % |
| Sosiale utgifter | 7 200 003 | 8 463 798 | -1 263 795 | 47 219 138 | 7 080 384 | 15,2 % |
| Kjøp av varer og tj som inngår i tj.produksjon | 5 141 748 | 6 148 130 | -1 006 382 | 33 757 581 | 4 897 575 | 15,2 % |
| Kjøp av tjenester som erstatter tj.produksjon | 2 939 225 | 3 871 647 | -932 422 | 16 585 881 | 4 193 836 | 17,7 % |
| Overføringer | 7 621 309 | 5 358 440 | 2 262 869 | 32 150 640 | 8 772 501 | 23,7 % |
| Fordelte utgifter | 6 000 | 7 725 | -1 725 | 46 350 | 0 | 12,9 % |
| Sum driftsutgifter | 47 831 818 | 48 949 713 | -1 117 895 | 273 136 478 | 48 708 788 | 17,5 % |
| Brutto driftsresultat | 5 437 048 | 3 657 127 | 1 779 921 | 17 537 700 | -9 591 327 | |
| Finansinntekter | | | | | | |
| Renteinntekter, utbytte og eieruttak | 12 330 | 100 383 | -88 053 | 602 300 | 3 512 | 2,0 % |
| Mottatte avdrag på utlån | 0 | 6 667 | -6 667 | 40 000 | 0 | 0,0 % |
| Sum eksterne finansinntekter | 12 330 | 107 050 | -94 720 | 642 300 | 3 512 | 1,9 % |
| Finansutgifter | | | | | | |
| Renteutgifter, provisjoner og andre fin.utg. | 827 971 | 1 295 333 | -467 362 | 6 660 000 | 1 049 546 | 12,4 % |
| Avdragsutgifter | 1 768 653 | 1 496 000 | 272 653 | 7 480 000 | 594 993 | 23,6 % |
| Utlån | 34 989 | 6 667 | | 40 000 | 0 | 87,5 % |
| Sum eksterne finansutgifter | 2 631 614 | 2 798 000 | -194 709 | 14 180 000 | 1 644 539 | |
| Resultat eksterne finanstransaksjoner | -2 619 284 | -2 690 950 | 99 989 | -13 537 700 | -1 641 027 | |
| Netto driftsresultat | 2 817 765 | 966 177 | 1 879 910 | 4 000 000 | -11 232 354 | |

Brutto driftsutgifter så langt i år utgjør 47,8 mill kroner, mot om lag 48,7 mill. kroner til same tid i 2009. Det svarer til 17,5 % av årsbudsjettet. Reduksjonen er på om lag 0,9 mill. kroner, eller 1,8 %. Eit periodisert budsjett skulle tilseia om lag 48,9 mill. kroner i brutto utgifter. Avviket i driftsutgifter mot periodisert budsjett er på 1,8 mill kr og som i hovudsak skyldast lalågare kostnader vedrørende kjøp av tenester.

Løn og sosiale utgifter syner så langt eit forbruk på 16,9 % av årsbudsjettet. Løn og sosiale utgifter ligg 1,4 mill under eit periodisert budsjett etter 2 månader. Dette skyldast mindre vikarbruk, lågare pensjonskostnader og lågare arbeidsgivaravgift enn budsjettet.

Andre utgifter syner eit forbruk på 22,8 % av budsjettet, eller 1,9 mill under eit periodisert budsjett. Dette skyldast manglande mottak av faktura på serviceavtaler, lite innkjøp av materialer til vedlikehald og lågare kostnader på konsulenttenester.

Overføringar syner eit forbruk på 23,7 %,rekneskapet viser eit meirforbruk på 2,2 mill kroner. Det er motteke ca. 1,6 mill kroner i spelemidler til Austevollshallen som er utbetalt, desse heng saman med meirinntektene på andre tilskot fra staten. I tillegg er det ført momskompensasjon på 0,9 mill kroner som ikkje er budsjettet under overføringar men direkte på kostnadene.

Inntektene så langt er bokført med om lag 53,3 mill. kroner. Det vil seia 18,3% av årsbudsjettet. Inntektene er om lag 0,6 mill. kroner høgre enn budsjett. Brukarbetalingar, rammetilskot og andre statlege overføringar er høgre enn budsjettet, medan skatt på inntekt og formue og overføringar med krav til motytelse enn er lågare enn budsjettet. Inntektsutjamninga for januar blei omtrent 2 mill høgre enn estimert medan estimatet av

inntektsutjamninga for februar ikkje kan slå ut på same måten, da skatteinntektene i denne månaden er ein tidel av det dei var i Januar. Det er budsjettert med at skatteinntekta er på 70% over landsgjennomsnittet, slik det var i februar 2009. Sjølve skatteinntekta var høgre enn budsjettert i februar. Endelig tal for inntektsutjamninga for februar blir ført i mars. Grunnen til at overføringar med krav til motytelse er lågare enn budsjettert kjem seg frå manglande statstilskot og refusjonar frå andre kommunar i tillegg til at momsrefusjonene er lågare enn budsjettert. Ein reknar med at dette rettar seg opp når midlane blir overført og aktiviteten på drift aukar.

Totalt sett er rekneskapet etter 2 månader 1,9 mill betre enn budsjett. Alle etatane har så langt i år brukt mindre enn budsjett.

Brutto budsjettet for 2010 for dei 3 sektorane er på 280,2 mill. kroner. Det er ein auke frå rekneskap 2009 på nesten 5 mill. kroner, eller 1,8 %. Nettobudsjettet for sektorane er på 205,8 mill. kroner. Det er ei auke frå rekneskap 2009 på 13,1 mill. kroner, eller 6,4 %.

| | Regnskap feb 2010 | Per.budsj | Årsbudsj | Avvik i kr | %- forbru k | Regnskap feb 2009 |
|-------------------------|----------------------|-----------------|--------------|-------------------|-------------------|----------------------|
| Sentraladministrasjonen | 7 311 957 | 7 624 411 | 35 275 862 | -312 452 | 20,7 % | 7 415 393 |
| Undervisning og kultur | 13 352 422 | 13 455 460 | 75 176 926 | -103 035 | 17,8 % | 19 930 884 |
| Helse & Sosial | 16 569 692 | 17 647 747 | 95 325 012 | -1 078 054 | 17,4 % | 18 722 995 |
| | -42 647 | | | | | |
| Skatter og rammetilskot | 120 | -42 395 427 | -217 379 600 | -251 693 | 20 | -36 487 236 |
| Finansiering | 2 595 283 | 2 701 633 | 11 601 800 | -106 351 | 22 | 1 650 315 |
| T O T A L T | -2 817 766 | -966 176 | 0 | -1 851 585 | | 11 232 351 |

Kort samandrag på kvar sektor:

- Austevoll sine frie inntekter består av ordinær skatt, eigedomsskatt og statleg rammeoverføring fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter er budsjettert med kr. 211,8 mill .
- Sentraladministrasjonen har et mindreforbruk på 0,3 mill, dette skyldast i stor grad manglande fakturering av tenester vi har motteke i februar, og nokre høgre inntekter enn budsjettert. 60% av vedlikehaldsbudsjettet på kommunale vegar er brukt i dei to fyrste måndene. Budsjettet er periodisert ihht når kostnadene kjem inn så det viser ikkje meirforbruk på etaten.
- Sektor for undervisning og kultur ligg under budsjett på 0,1 mill kroner, i hovudsak skyldast dette også manglande fakturering av tenester og straumutgifter.
- Sektor for Helse og sosial har et mindreforbruk på 1,1 mill kroner. Mindreforbruket er størst på heimetenestene og bufellesskapet. Mindreforbruket her skyldast i stor grad mindre bruk av vikarar og ikkje motteke faktura på kostnader enn budsjettert.
- Skatteinntekter er omtrent i balanse. Det er høgre skatteinntekter, medan inntektsutjamninga som reduserer skatteinntektene også er høgre enn budsjettert, summen av desse går omtrent i balanse. Rammetilskotet er noko høgre enn budsjettert. Eigesdomskatten er som budsjettert.
- Mindreforbruk på finanskostnader skyldes at det ikkje er ført renter og avdrag i februar.

1. Sentraladministrasjonen og Kyrkja

| | Regnskap feb 2010 | Per.budsj | Årsbudsj | Avvik i kr | %- forbruk | Regnskap feb 2009 |
|--|----------------------|-----------|----------|------------|---------------|----------------------|
|--|----------------------|-----------|----------|------------|---------------|----------------------|

| | | | | | | |
|------------------------------------|------------------|------------------|-------------------|-----------------|---------------|------------------|
| Politiske styringsorgan | 293 852 | 285 037 | 1 592 766 | 8 815 | 18,4 % | 297 080 |
| Revisjon | 0 | 43 750 | 262 500 | -43 750 | 0,0 % | 0 |
| Rådmannskontor | 1 060 420 | 1 163 793 | 5 893 542 | -103 372 | 18,0 % | 926 062 |
| Økonomikontor | 596 739 | 551 915 | 3 046 387 | 44 824 | 19,6 % | 600 107 |
| Offentlig servicekontor | 1 751 826 | 1 819 221 | 1 822 182 | -67 395 | 96,1 % | 3 007 186 |
| Kommunehuset | 154 498 | 121 952 | 646 510 | 32 547 | 23,9 % | 324 269 |
| Nordstrandbygget | -71 754 | -51 500 | -309 000 | -20 254 | 23,2 % | -74 508 |
| Ymse tenester | 2 971 744 | 3 150 010 | 19 079 575 | -178 266 | 15,6 % | 1 561 347 |
| Kyrkja | 554 632 | 540 233 | 3 241 400 | 14 399 | 17,1 % | 773 850 |
| Sum sentraladministrasjonen | 7 311 957 | 7 624 411 | 35 275 862 | -312 452 | 20,7 % | 7 415 393 |

Økonomi:

Sentraladministrasjonen har et mindreforbruk på 0,3 mill, dette skyldast i stor grad manglande fakturering frå leverandører og nokre høgare inntekter enn budsjettet. Det er gjort periodiseringar i budsjettet, slik at ein har prøvd så godt det lar seg gjere å få inntekter og kostnader i dei periodane dei påløper. Under er det gitt kommentarar på vesentlige avvik, uvesentlige avvik blir som regel ikkje kommentert.

Revisjon

Det er ikkje motteke faktura for revisjon for 2009 rekneskapet.

Rådmannskontoret

Rådmannskontoret har et mindreforbruk samanlikna med periodisert budsjett på 0,1 mill kr. Feiing, beredskap og naudmeldinssentral har lågare kostnader enn budsjettet, medan overordna planlegging har høgare inntekter enn budsjett. Ein reknar med at dette vil balansere seg ut over året.

Økonomikontoret

Økonomikontoret har et meirforbruk på 0,04 mill kroner. Dette skyldast unytta ferie til langtidssjukmeld og den sjukemeldtes erstattar som ikkje fekk ta ut nok feriedagar i 2009 og som er i hht ferielova utbetalt i januar 2010. Avviket vil jamna seg ut gjennom året.

Offentleg servicekontor

Mindreforbruk på 0,07 mill kroner her skyldast fleire forhold. Det manglar faktura på ein del kostnader som interkommunale selskap og andre konsulentkostnader. Inntektene på kart og oppmåling er noko høgare enn budsjettet. Løn er overskrede av same grunn som på økonomikontoret, feriepengar for personar som har vært sjukmelde i 2009. I tillegg ser det ut som det er brukt for mykje på løn dei to fyrste månadene, dette heng nok saman med at planlagde reduksjonar på tenester ikkje kom i gong før etter desse månadene. Dei neste periodane vil alt forhåpentlegvis jamna seg ut.

Kommunehuset

Meirforbruket på Kommunehuset skyldast i hovudsak manglande husleigeinntekter. Det er ført svært få kostnader i desse to månadene, dette fører til at meirforbruket er minimalt. Dette rettar seg i seinare periodar når husleiga blir fakturert.

Ymse tenester

Ansvarsområdet har et mindreforbruk på 0,18 mill kroner. Dette skyldast i hovudsak manglande faktura på service/driftsavtaler på edb og telefon .Forsikring har et meirforbruk på 0,09 mill kroner. Alle andre avvik som var rapportert i januar er no periodisert i budsjettet til den perioden der dei høyrer heime.

2. Undervisning og kultur

| | Regnskap feb 2010 | Per.budsj | Årsbudsj | Avvik i kr | %- forbruk | Regnskap feb 2009 |
|-----------------------------------|----------------------|-------------------|-------------------|-----------------|---------------|----------------------|
| Skulekontor | 291 992 | 252 685 | 1 373 163 | 39 307 | 21,3 % | 310 677 |
| Skulepsykologisk kontor | 192 272 | 295 563 | 1 697 058 | -103 291 | 11,3 % | 220 787 |
| Selbjørn skule | 1 878 845 | 2 022 874 | 11 259 637 | -144 028 | 16,7 % | 2 098 872 |
| Møksterskule | 286 384 | 229 641 | 1 276 174 | 56 743 | 22,4 % | 208 390 |
| Trolandshamar skule | 1 097 074 | 1 122 108 | 6 261 728 | -25 034 | 17,5 % | 1 113 260 |
| Storebø skule | 2 485 597 | 2 470 298 | 13 715 597 | 15 300 | 18,1 % | 2 499 133 |
| Austevoll ungdomsskule | 3 040 299 | 3 139 922 | 17 425 819 | -99 623 | 17,4 % | 3 381 527 |
| Vinnes skule | 5 600 | -1 237 | -7 421 | 6 837 | -75,5 % | 515 944 |
| Kolbeinsvik skule | 855 019 | 822 751 | 4 574 795 | 32 268 | 18,7 % | 836 176 |
| Grunnskulen felleskostnader | 669 605 | 1 312 506 | 7 555 626 | -642 900 | 8,9 % | 839 206 |
| Vaksenopplæring | 274 477 | 212 204 | 1 156 470 | 62 273 | 23,7 % | 457 011 |
| Småtun barnehage | 515 574 | 215 852 | 1 015 498 | 299 722 | 50,8 % | 391 621 |
| Barnehage Fellesutgifter | 0 | -1 667 | -10 000 | 1 667 | 0,0 % | 0 |
| Private barnehager | 940 947 | 689 850 | 4 139 100 | 251 097 | 22,7 % | 5 976 504 |
| Spesialpedagogiske tiltak | 113 324 | 44 650 | 188 929 | 68 675 | 60,0 % | 192 640 |
| Kulturskule | 292 133 | 220 568 | 1 183 854 | 71 565 | 24,7 % | 290 923 |
| Kulturkontor | 231 156 | 233 832 | 1 397 681 | -2 676 | 16,5 % | 365 132 |
| Bibliotek | 182 124 | 173 060 | 973 218 | 9 063 | 18,7 % | 233 081 |
| Sum undervisning og kultur | 13 352 422 | 13 455 460 | 75 176 926 | -103 035 | 17,8 % | 19 930 884 |

Skulekontoret

Forbruk som planlagt. Meirforbruk grunna manglande refusjonar. Rekneskapet vil balansere når alle refusjonar er ført.

Skulepsykologisk kontor

Budsjettkontroll for februar viser at PPT har eit mindreforbruk på 0,1 mill kroner. Grunnen til det er at fakturaer for kjøp av eksterne tenester ikkje er lagt inn i rekneskapet. Og manglande føring av løn. Ingen tiltak blir gjennomført da ein reknar med at rekneskapet vil gå i balanse når manglande føringar kjem på plass.

Selbjørn skule

Aktivitet som planlagt på Selbjørn Skule, totalt sett eit mindreforbruk på 0,14 mill kroner Litt meirforbruk på fast løn assistentar, sfo og reinhaldarar, som og rapportert for januar. Førebels ikkje tiltak. Vil sjå an utvikling.

Møkster skule

Det er berre brukt pengar på løn, straum og skyss. Avviket skyldast manglande refusjonar på svangerskapspermisjon, tilleggsløyving på assistent som ikkje er lagt inn i budsjett og meirforbruk på skyss av elevar. Symjeundervisninga er teke dei 6 første vekene i år, medan budsjettet er fordelt på heile året.

Budsjett til assistent- og lærartimar skal aukast.

Trolandshamar skule

Aktivitet er som planlagt. Ingen avvik. Mindreforbruk skyldes ikkje førte strømutfgifter etc.

Storebø skule

Aktivitet er som planlagt. Ingen avvik som må gjerast noko med no. Det vil jevne seg ut etterkvart

Austevoll ungdomsskule

Det kan sjå ut som at vi har eit mindreforbruk i forhold til budsjett. Dette grunna at rekningar ikkje er ført. Ungdomsskulen kjørar stramt, med eit forbruk litt under periodisert budsjett.

Kolbeinsvik skule

Med unntak for tidlegare innmeldt underbudsjettering av løn til tilsette lærarar, er det ingen merknad. Abonnement og skuleboksamlinga ligg noko fram for periodiseringa.

Skulesjefen blei orientert om avviket på løn i januar. Budsjettendring vil bli gjort slik at rekneskapet skal gå i balanse i seinare periodar.

Grunnskulen sine felleskostnader

Forbruk som forventa. Det er gjort einskildvedtak varen 2010, det skal difor gjerast ein budsjettkorrigering og overføra midlar til enkelte skular.

Vaksenopplæringa

Auka drift og auka inntekter. Differanse mellom budsjettert løn og rekneskap på nokre funksjonar, dette vil det bli retta opp i. Noko av avviket skyldast inntekter som ikkje er fakturert.

Småtun barnehage

Drift som forventa. Avviket skyldast statstilskot for januar og februar som ikkje er inntektsført.

Barnehage fellesutgifter

Inga aktivitet dei to fyrste månadene.

Private barnehagar

Statstilskot er eit nullrekneskap. Det er meirforbruk i kommunalt tilskot til private barnehagar enn kva som er budsjettert. Det arbeidast kontinuerlig med midlar som skal overførast til dei private barnehagane slik at vi er trygge på at tala er rett. Det kan sjå ut som det er betalt ut for lite søskenmoderasjon i 2009 til nokre av barnehagane, dette må takast som kostnad på 2010. Det skal arbeidast meir med periodisering av dei budsjetterte inntektene.

Spesialpedagogiske tiltak

Aktivitet er auka grunna einskildvedtak i januar. Eit meirforbruk må sjåast på i samanheng med eventuell inntekt i seinare tildeling av statstilskot.

Kulturskule

Reknekaprapporten syner eit meirforbruk på 0,07 mill kroner på desse to månadene. Avviket skyldast at kontingentinntekter på om lag 0,05 mill kroner pr. måned ikkje er kome inn enno. Tek ein omsyn til dette har kulturskulen eit mindreforbruk til no, men det er heilt normalt på denne tida i året.

Kulturkontoret

Aktivitet som planlagt. Tilskot til lag og organisasjonar, det skal lagast saksframlegg som skal handsamast politisk 6. april og 11. mai i Formannskapet.

Bibliotek

Det er eit meirforbruk på mediebudsjettet. Størstedelen av mediebudsjettet vil verta brukt før sommaren, slik at ca. ein sjettedel står igjen til kjøp av enkelttitlar og eventuelle tildelte kulturfondsett. På årsbasis vil budsjettet gå i balanse.

3. Helse og Sosial

| | Regnskap feb 2010 | Per.budsj | Årsbudsj | Avvik i kr | %- forbruk | Regnskap feb 2009 |
|--|----------------------|-------------------|-------------------|-------------------|---------------|----------------------|
| Helse og sosialadministrasjon | 240 629 | 269 709 | 1 504 200 | -29 080 | 16,0 % | 276 113 |
| Helseavdelinga | 924 523 | 1 057 856 | 5 944 699 | -133 333 | 15,6 % | 1 203 863 |
| Legetenesta | 1 062 275 | 1 249 145 | 7 440 343 | -186 870 | 14,3 % | 1 319 301 |
| Sosialkontortjenester | 983 290 | 793 513 | 4 496 660 | 189 778 | 21,9 % | 935 437 |
| Edruskapsvern | 0 | 1 667 | 10 000 | -1 667 | 0,0 % | 0 |
| Barnevern | 652 933 | 592 780 | 3 371 793 | 60 153 | 19,4 % | 557 756 |
| Heimetenester, område nord | 1 700 516 | 2 011 420 | 11 159 989 | -310 904 | 15,2 % | 1 766 889 |
| Heimetenester, område sør | 1 343 664 | 1 751 495 | 9 720 284 | -407 831 | 13,8 % | 1 616 190 |
| Nattevakt i heimesjukepleien | 290 569 | 343 612 | 1 897 733 | -53 043 | 15,3 % | 407 820 |
| Eidsbøen bufellesskap | 1 559 760 | 1 797 235 | 9 919 716 | -237 475 | 15,7 % | 1 781 029 |
| Prosjekt "lindrande behandling" Selbjørn pleie og omsorgssenter | 62 923 | 24 405 | 125 208 | 38 518 | 50,3 % | 13 984 |
| Omsorgsrom selbjørn | 1 168 469 | 1 262 331 | 7 030 623 | -93 862 | 16,6 % | 1 648 335 |
| Storebø pleie og omsorgssenter | 1 389 078 | 1 218 172 | 6 703 502 | 170 906 | 20,7 % | 1 286 965 |
| Austevoll arbeidssamvirke A/S | 4 324 418 | 4 355 990 | 23 991 762 | -31 572 | 18,0 % | 4 970 706 |
| Sum Helse & Sosial | 866 645 | 918 417 | 2 008 500 | -51 772 | 43,1 % | 938 607 |
| | 16 569 692 | 17 647 747 | 95 325 012 | -1 078 054 | 17,4 % | 18 722 995 |

Helse & Sosialadministrasjonen

Mindreforbruk pålydande 0,03mill.

Avviket skuldast lågare lønsutgifter og kostnader i samband med dette.

Helseavdelinga

Helseavdelinga har totalt sett et mindreforbruk på 12,6% eller 0,13 mill kroner i perioden.

Jordmortenesta har eit meirforbruk pålydande 0,02mill kroner i perioden.

Det er vedteke at jordmortenesta skal leggjast under helsesøster tenesta i 2010. Det er likevel eige budsjett for løn på denne funksjonen. Det er ikkje kome inn statlege tilskot. Dersom statstilskotet hadde kome inn som budsjettert ville meirforbruket ha forsvunne.

Helsesøstertenesta har eit mindreforbruk pålydande 5,1% eller 0,015 mill kroner hittil i år.

Fysioterapi har et mindreforbruk på 35% i perioden. eller 0,1 mill kroner. Avviket skyldast høgare fastlønstilskot og refusjon svangerskapspermisjon enn budsjettert.

Fysioterapitenesta har utfordringar grunna svangerskapspermisjonar, og manglar per dags dato ein fysioterapeut i tenesta. Dette gjer at det er kjøpt inn tenester frå private, som kjem til å gje høgare kostnader enn budsjettert. Det må bli gitt eit lågare tenestetilbod innan fysioterapi i kommunen i periodane som kjem framover for å halde budsjett. Dersom dette ikkje er fagleg forsvarleg, vil det meldast frå i eige sak.

Psykiatrisk sjukepleieteneste har i perioden eit mindreforbruk på 8,1% pålydande 0,03 mill.

Avviket skuldast primært mindre kjøp av tenester frå private enn i budsjett. Noko av mindreforbruket skuldast sein fakturering av psykologtenester .

Legetenesta

Legetenesta har totalt sett et mindreforbruk på 15% eller 0,19 mill kroner i perioden.

Legevakt, mindreforbruk på 53% i perioden eller 0,23 mill kroner.

Avvik skyldast at det ikkje er ført kostnader kring ambulansébåt/skyss, ikkje kostnader for kjøp av tenester privat og i tillegg lave utgiftsføringar på rekvisita.

Lege Bekkjarvik, er omtrent i balanse. Brukarbetaling er over budsjett medan refusjonar frå staten er lågare enn budsjett.

Legekontor Storebø og Hundvåkøy. Mindreforbruk på 0,02 mill kroner eller 4%. Avviket skyldast i hovudsak manglande faktura på husleige og andre driftskostnader.

Sosialkontortenester

Sosialkontortenestene har totalt sett et meirforbruk på 0,19 mill kroner eller 23,9% i forhold til budsjett.

Brukarstyrt personleg assistanse: Totalt er budsjettet så langt overskride med 60%, dvs 0,1 mill kroner. Dette skyldast manglande periodisering, spesielt på inntektssida. Det er budsjettet med reduksjon i tenestetilbodet til enkeltbrukarar. Individuell vurdering av kvart enkelt vedtak. Det er sendt søknad om stimuleringstilskot frå staten, og er forventa at det kjem inn ca 0,4 mill kroner i samband med dette medio 2010. Etter gjennomgang av budsjett for heile året, ser ein at det vil ligge i balanse ved utgangen av året.

Avlastning. Mindreforbruk pålydande 0,1 mill kroner eller 80%. Årsaka for mindreforbruk er at det ikkje er kome faktura for kjøp av tenester frå andre kommunar og kjøp av tenester frå private.

Støttekontakt: Ligg i balanse i forhold til budsjett.

Sosialrådgjeving og rettleiing: Funksjon visar eit samla meirforbruk pålydande 16,5% eller 0,03 mill kroner. Avvik skyldast manglande refusjon frå staten.

Tiltak rusmisbruk: Ingen aktivitet i perioden.

Kvalifiseringsordninga: Meirforbruk pålydande 0,1 mill kroner eller 113%.

Avvik skuldast i sin heilhet manglande refusjonar for kvalifiseringsstønad frå staten.

Økonomisk sosialhjelp: Meirforbruk på 40,1%, pålydande 0,33 mill.

Avvik skuldast stor auke i bidrag. Tiltak, krevje inn lån for å jamne ut skilnad mellom inntekter og utgifter/kostnader.

Barnevern

Totalt på ansvarsområdet er det et meirforbruk på 0,06 mill kroner eller 10,1%

Årsak for avvik er høgre kjøp av advokat tenester og tenester frå private enn budsjettet.

Det er varsla frå barnevern at det vil vere vanskeleg å holde budsjettnivå, dersom barnevern skal holde seg innan for lovverket og rammene som dei set. Det vil bli lagt fram eige sak på dette.

Heimetenester nord

Mindreforbruk på 0,3 mill kroner eller 15,5 %. Hovudårsaka er lavt sjukefråver, ingen motteke faktura på medisinsk utstyr, manglande faktura på leasing transportmidler, lågare løn, pensjon og arbeidsgiveravgift enn budsjettet.

Heimetenester sør

Mindreforbruk pålydande 0,4 mill kroner eller 23 %. Årsak er at det har vore tilsetjingsstopp relatert til samanslåing av sjukeheimane. Det har vore vanskeleg å få tak i fagpersonale, og ein har nytta ufaglærte personale. Dette gjer at kostnadene vert redusert.

Nattevakt heimetenesta

Mindreforbruk pålydande 0,053 mill kroner eller 15,4%.

Årsak for avvik, mindre forbruk av fagpersonale, grunna problem med å skaffe kvalifisert personale til vakter.

Eidsbøen Bufellesskap

Mindreforbruk på 0,23 mill kroner 13 %. Årsak til avviket er lågare løn og sosiale utgifter enn budsjettert, noko som kjem av mindre bruk av sjukevikarar.

Prosjekt Lindrande behandling

Meirforbruk på kr. 0,04 mill kroner eller 158 %. Avviket skyldast manglande inntekter. Inntektene skal kome frå avsett fon og statlege overføringar.

Selbjørn Pleie- og omsorgsenter og omsorgsrom

For Selbjørn pleie- og omsorgsenter visar rekneskapet eit mindreforbruk på 7,4%, 0,094 mill kroner. Alle avdelingar har eit mindreforbruk. Selbjørn po sine omsorgsrom. har eit meirforbruk pålydande 0,17 mill kroner. Årsakene til mindreforbruket er mindre bruk av vikarar og ikkje motteke faktura på straum. Fast løn har generelt på alle funksjonar et meirforbruk sidan det er budsjettert med 4 månaders drift, medan budsjetttet periodiserer på heile året. Dette rettar seg opp i seinare perioder.

Storebø Pleie- og omsorgsenter

Mindreforbruk på mindre enn 1 % eller 0,03 mill kroner, ingen vesentlege avvik.

Austevoll Arbeidssamvirke AS

Mindreforbruk på 0,051 mill. Skyldast lågare utbetalingar enn budsjettert.

4. Skatter og rammetilskot

| | Regnskap feb 2010 | Per.budsj | Årsbudsj | Avvik i kr | %- forbruk | Regnskap feb 2009 |
|----------------------------|----------------------|-------------|--------------|------------|---------------|----------------------|
| Skatter og rammetilskot | -42 647 120 | -42 395 427 | -217 379 600 | -251 693 | 20 | -36 487 236 |

Me har budsjettert med frie inntekter som består av ordinær skatt, eigedomsskatt og statleg rammeoverføring fråtrekt inntektsutjamning. Sum frie inntekter er justert ihht. revidert nasjonalbudsjett.

Skatt

Skatteinngongen pr februar ligg 0,5 mill kroner over budsjett. Det er kome inn 30,4 mill kroner i skatt, dette er ein vekst på 42,2% fra februar 2009. Inntektsutjamninga er på 9,4 mill kroner som utgjør 3,5 mill kroner høgare enn budsjett. Dette grunna at når endeleg skatteoppgjør for januar låg føre 22 februar 2010, etter rekenskapsavslutning for januar, viste det seg at Austevoll kommune i januar hadde skatteinntekter som var 111,8 % over landsgjennomsnittet, medan dei var ca 70% over landsgjennomsnittet i 2009. Inntektsutjamninga for februar er og kun eit estimat, men endringane her kan ikkje få same konsekvensane som endringa i januar då skatteinngongen i februar er ein tidel av skatteinngongen i januar. Ein viser ellers til eige sak035/10 for skatteinngongen for januar og februar.

Eigedomsskatten for fyrste halvår 2010 blei fakturert i februar, inntektene her er periodisert i budsjettet som dei blir fakturert. Eigedomsskatten er i balanse mot budsjett og er på 6,1 mill kroner.

Rammeoverføringar

Rammeoverføringane pr. februar er 1,4 mill kroner over budsjett..

Totalt sett er frie inntekter for februar 0,25 mill kroner, eller 0,6 % over budsjett.

Mva-kompensasjon

Budsjettert mva-kompensasjon på investeringar er i 2010 kr. 4,6 mill. Til nå i år er det inntektsført i rekneskapen på finansområdet kr.0,88 mill kroner, dette er 0,1 mill over periodisert budsjett. Inntektsført momskompensasjon på drift utgjer 0,92 mill mot budsjettert 1,2 mill. 20% av momskompensasjonen frå investeringar skal i 2010 først frå drift til investering, denne flyttinga skjer i slutten av året.

5. Finansiering

| | Regnskap feb 2010 | Per.budsj | Årsbudsj | Avvik i kr | %- forbruk | Regnskap feb 2009 |
|--------------|----------------------|-----------|------------|---------------|---------------|----------------------|
| | | | | -106 | | |
| Finansiering | 2 595 283 | 2 701 633 | 11 601 800 | 351 | 22 | 1 650 315 |

Mindreforbruk på 0,1 mill skuldast lavere rente enn budsjettert. Avdrag er som budsjettert.

SAKSFRAMLEGG

| Saksnr | Utval | Møtedato | Sakshandsamar |
|--------|---------------|------------|-------------------|
| 039/10 | KOMMUNESTYRET | 23.03.2010 | Liv Bente Storebø |

| | |
|--------------------|---------------|
| Arkivsaknr. 09/890 | Arkiv: FE-210 |
|--------------------|---------------|

LIKVIDITETSRESERVE OVERFØRT TIL DISPOSISJONSFOND

Rådmannen si tilråding:

Austevoll kommunestyre vedtek at disposisjonsfondet skal brukast til dekning av akkumulert underskot.

| Dok.dato | Tittel |
|------------|---|
| 19.03.2010 | Notat til rådmannen om løysing for å sikre ein verdig eldreomsorg i Austevoll.doc |

Bakgrunn for saka:

Austevoll kommune har hatt 5,8 mill kroner ståande på fond for likviditetsreserve gjeldande drift frå før 1999. På det tidspunktet og fram til utgangen av 2008 var kommunen forplikta til å ha likviditetsreserve på denne størrelsen i balansen. Frå 2009 skal ein ikkje lenger ha likviditetsreserve i balansen, slik at pr 31.12.2009 må likviditetsreserven overførast til andre fond. Likviditetsreserve opparbeidd ved investering skal til investeringsfond, medan likviditetsreserve opparbeidd på drift skal til disposisjonsfond. Etter rekneskapsforskriftene bør disposisjonsfondet brukast til nedbetaling av akkumulert gjeld når ein har det.

Disposisjonsfondet er kun eit reknskapsteknisk tal og genererer ikkje likvide midlar. Fondet har inga resultatteffekt, det kan kun brukast til å disponera resultatet. Kommunen har forplikta seg på å redusere driftskreditten med 5 mill kroner i året, frå 01.mai 2010 må kommunen redusera driftskreditten frå 30 mill kroner til 25 mill kroner. I dag har vi brukt 21,3 mill av driftskreditten.

Kommunen har ikkje fått godkjent søknaden om dekning av akkumulert underskot i tidsrommet 2012 - 2016 av Kommunal og Regionaldepartementet. Alt underskot skal vere dekt seinast 10 år etter at det oppstod, det vil sei i 2014. Kommunen får dermed kortare tid til inndekning og høgare beløp å dekkja inn i åra 2012-2014 enn det vi har budsjettert med og det vi søkte om.

Vurdering:

Normalt sett er disposisjonsfond et fritt fond som kommunen kan bruke til drift, men sidan Austevoll kommune har eit underskot på over 30 mill kroner, bør fondet etter rekneskapsforskriftene brukast til nedbetaling av akkumulert underskot. Fylkesmannen

seier følgjande i brev om budsjett og økonomiplan: *Det er eit vilkår frå fylkesmannen at rekneskapsoverskot for 2009 fullt ut blir nytta til inndekning av akkumulert rekneskapsunderskot frå tidlegare år.* Rekneskapsmessig blir ikkje likviditetsreserven rekna som ein del av eit overskot i 2009, slik at føresetnaden frå fylkesmannen ikkje direkte gjelder dette.

Rådmannen har i sin tilråding lagt avgjerande vekt på at likviditetsreserven ikkje er nye friske pengar og kan derfor ikkje rå til at vi aukar driftsutgifta til kommunen.

Dersom vi ikkje skal leggje ned drifta ved Selbjørn sjukeheim frå mai i år må vi tilføre drifta kr 3.4 mill. Dette inkluderer nattevaktstillingane på dagens nivå.

Notat

Til: Rådmannen

Kopi: Kommunestyret

Frå: Ordføraren

Løysing for å sikre ein verdig eldreomsorg i Austevoll

Eg viser til informasjon frå rådmannen 17. mars 2010 om at regjeringa sin regelendring knytta til føring av likviditetsreserve i rekneskapet er endra, slik at kommunane må disponere desse midlane rekneskapsmessig. Sjølv om ikkje likviditetsreserven vil styrke likviditeten til kommunen gjev likevel dette moglegheiten å bruke reserven til å redusere akkumulert underskott eller melombels styrke drifta til kommunen.

Å bruke reserven til å styrke drifta er ikkje tilrådeleg grunna likviditetssituasjonen til kommunen, men likevel meiner eg at det må vurderast sett i lys av dei framlegg som vart vedtatt av kommunestyret under budsjettføreavinga for 2010. Spesielt punktet om auka bruk av dobbeltrom i ein mellombels fase har vore lite ynskjeleg politisk utifrå hensynet til livskvaliteten til denne brukargruppa.

På ulike møter har det vore sagt frå mi side at dette ikkje har vært ynskjeleg og at dersom me finner rom for å unngå belastninga med flytting før nybygget står klart skal det skje. Når denne situasjonen nå oppstår har eg etter ei heilhetleg vurdering kome til at det vil vera rett å tilrå overfor kommunestyret 23. mars å disponere deler av likviditetsreserven til å sikre vidare drift i den mellombelse perioden ved begge sjukeheimane. Dette endrar ikkje prosessen med nybygget på Storebø, men sikrar at ein unngår bruk av dobbelt rom på Storebø både på kort og lang sikt.

Eg vil be rådmannen leggje fram ekstrasak til kommunestyret 23. mars om disponering av likviditetsreserven.

Mi tilråding til kommunestyret vert:

Austevoll kommunestyre viser til at 5,8 mill må disponerast grunna regelendring knytt til likviditetsreserve.

Austevoll kommunestyre deler denne summen for 2010 mellom ekstra ordinær nedbetaling av oppsamla underskott og tilbakeføring av midlar for å sikre vidare drift av Selbjørn PO-senter og nattevakttenesta ut 2010. Kommunestyret vil koma attende til finansiering av drift fram til opning av påbygget ved Storebø PO-senter i budsjettet for 2011.

Storebø, 19. mars 2010

Helge Andre Njåstad
ordførar